



Fruktmelding 10-2018

Vi har denne veka starta med haustetidsvurderingar i Nordfjord. Resultat av analysane blir også lagt ut på fruktlagera sine heimesider.

Discovery

Grunnfarge	min C3 på vifta
Fastleik	7,0-8,0
Ref	10,8
Stive	6,0-8,0
Streif	0,09-0,16

Rettleiande verdiar for hausting

Eplet skal vera glinsande raudt

Discovery - Nordfjord

Dyrkar	K O Loen	E T Rake	Kåre Strand	G A Vereide	M Andenes
Adresse	Loen	Rake	Rake	Vereide	Vereide
Dato	14.08.2018	14.08.2018	14.08.2018	14.08.2018	14.08.2018
Fruktvekt	0,143	0,133	0,135	0,144	0,144
Avling	3	2 til 3	2 til 3	2 til 3	3
Fastleik	8,9	8,2	8,7	8,4	8,8
Ref	10,4	11,4	11,5	10,4	10,9
Stive	2,6	3,2	2,5	3,2	1,9
Streif	0,329	0,226	0,303	0,251	0,427



Discovery frå M. Andenes. Både dekkfarge og grunnfarge har utvikla seg fint, men stivenedbrytinga har berre så vidt starta. Når stive blir omdanna til sukker lysnar eple frå kjernehuset og utover snittflata og refraktometertalet vil auke.





Discovery frå E T Rake. Dekkfargen er godt på veg, men manglar enno gul grunnfarge. Stivenedbrytinga ser ein er kome lenger enn forrige prøve.

Konklusjon haustetid for Discovery:

Enno manglar det på fargeutvikling og det er mykje stive att i frukta som ved omdanning til sukker vil gje høgare refraktometertal og betre smak på epla. Frukta er og enno litt småfallen og vil med ei veke til på trea før haustestart auke diameter med 3-5 mm. Starthasting fram mot neste helg i tidlege felt. Nye prøvar blir tekne ut komande tysdag.

Summerred - Nordfjord

Rettlei.

Dyrkar	M Andenes	K O Loen	
Adresse	Vereide	Loen	
Dato	14.08.2018	14.08.2018	
Fruktvekt	0,148	0,134	
Avling	3	3	
Fastleik	8,4	8	6,5-7,0
Ref	10,2	9,9	10,5
Stive	2,6	3,3	5 til 7
Streif	0,315	0,246	0,09-0,16



Summerred frå K O Loen har utvikla fin dekkfarge, men har enno for grøn grunnfarge. Men stivenedbrytinga er komen i gang så utviklinga må følgjast framover. Eit par veker med tilvekst vil og gjere godt for fruktstorleiken før starthausting.



Konklusjon haustetid for Summerred:

Summerred har som venta ei stund att før kvalitet og storleik er på plass og må vere med i nye vurderingar framover.

Nye prøvar for haustetidsvurdering blir teke ut på tysdag 21.august.

Sprøyting mot kjølelagersopp i eple

I Aroma bør ein ta ei sprøyting mot kjølelagersopp. Bruk Topsin WG 105 g/daa. Behandlingsfrist er 14 dagar, men for å unngå restar i epla kan ein godt sprøyta tidlegare (ca 3 veker før hausting). Alternativet er Delan WG 100 g/daa om ein har nytta Topsin tidlegare i sesongen. Ver merksam på at at Delan har 21 dagars behandlingsfrist!

Pass på å unngå avdrift til sortar som skal haustast før behandlingsfristen!

NB! Slik lagersprøyting er ikkje tillatt i økologisk!

Kalsiumsprøyting i eple kvar 10.-14.dag kan halda fram; sjå preparat og dosar i førre nyheitsbrev.

Sprøyting med Vegsalt + Aminosol er også tillatt i økologisk drift.



Plommesesongen er godt i gang og sortane utviklar seg raskt



Det var i går plommemøte på Innvik Fruktlager og Sognefrukt saman med SKP Knut Amund Surlien, Jan Tore L. Eidsvik og fruktlagerinspektør Leif Øie. Mange dyrkarar møtte trass travle tider med plukking. Det blei poengtert kor viktig det er med fortløpande innmelding og rett haustetid. Dette er avgjerande for å kunne handtere sal av store kvantum plomme i ein sesong der avlingstoppane i dei ulike regionane i stor grad kjem samstundes. Mallard ettermodnar betre enn andre sortar og det er difor betre å plukke den litt tidleg enn godt moden. Men den må ha gul grunnfarge ved plukking. Den bør og plukkast med stilk.

I regnveret som er meldt framover må ein vere merksam på sprekker og mjukning kring stilkfeste. Spesielt i Reeves kan det samle seg vatn i stilkhola som kan skade skalet kring stilken.

Mallard er venta store mengder av komande dagane, men Reeves er heller ikkje langt vekke.

Helsing
Rune Vereide